

# Avrunding i færøysk, islandsk og norsk

*Helge Sandøy*

## 1. Innleiing

At både færøysk og islandsk har fått samanfall av *i* og *y*, er velkjent, slik at presensformene (*h*)*lítur* og (*h*)*lýtur* fell saman, og det same gjer *il* og *yl* (akk. av norr. *ylr* m.). Samanfallet gjeld altså både kortvokalane og langvokalane. Tilsvarande samanfall er heller ikkje ukjende i norsk og i “flere danske, svenske og tyske Dialekter samt i engelsk (*fill*, *sin*, oldeng. *fyllan*, *synn*)” (Storm 1884-1908: 162).

Det vanlege er at samanfallsproduktet blir ein høg fremre urunda vokal, altså *i*. Spesielt for færøysk er det at det ikkje-runda produktet gjeld berre dei korte vokalane, dei lange norrøne (altså *í* og *ý*) har falle saman i ein runda vokal (dvs. diftong). Utviklinga i kort- og langvokalsystema har altså gått i motsette retningar.

Desse dels like og dels ulike utviklingane er interessante for den som likar å spekulere over forklaringar i fonologien. Eg ønskjer her å drøfte idéar til fonologiske forklaringar på avrundinga – utan pretensjon om å kunne løyse spørsmålet, men med von om å kaste meir lys over det.

Hreinn Benediktsson er nok den som har gitt den mest raffinerte forklaringa. Derfor blir den først illustrert på islandsk og så prøvd ut på færøysk og norsk samtidig som dei fonologiske endringane blir presenterte for kvart språk i punkta 2-4. Etterpå kjem ei drøfting av andre idéar til forklaring i punkta 5-8.

## 2. Islandsk

I artiklane sine frå 1959 og 1970 framstiller Hreinn Benediktsson utviklinga fram mot avrundinga av *y* og *ý* på 1400- og 1500-talet nærast som ei følge av fonologiske omleggingar på 1200-talet. Det er dei indre relasjonane i vokalsystemet som styrer utviklinga, nemleg redundansen i dei distinktive draga. Eine påstanden er altså at det mest redundante fonologiske draget vil ha ein tendens til å falle heilt ut. Eg skal her referere kort resonnementet hans:

Etter at kort *o* hadde falle saman med kort *ø*, lang *á* med *ǿ*, og kort *o* var lågna, var lang- og kortvokalsystema slik i gammal- eller “mellom”-islandsk:

- (1)      i   y      u              í   ý   ú  
           e   ö                      é   ø   ó  
           a   ɔ              æ   á

(Hreinn Benediktsson 1970: 122.)

Det gav desse matrisene over distinktive faktorar i kort- og langsystemet:

(2)

Kortvokalane							
	i	y	u	e	ø	a	ɔ
Låg	-	-	-	-	-	+	+
Høg	+	+	+	-	-		
Runda	-	+	+	-	+	-	+
Fremre			-	+			

(Hreinn Benediktsson 1970: 122.)

Langvokalane								
	í	ý	ú	é	ø	ó	æ	á
Låg	-	-	-	-	-	-	+	+
Høg	+	+	+	-	-	-		
Fremre	+	+	-	+	+	-	+	-
Runda	-	+		-	+			

(Hreinn Benediktsson 1970: 121.)

Vi ser her at draget fremre er mest redundant i kortsystemet, mens det i langsystemet er draget runda som er mest redundant. For alle langvokalane trengst motsetninga  $\pm$ fremre, mens berre  $i \neq y$  og  $e \neq ø$  er skilde med  $\pm$ runda. No begynner det "lagnadstunge" å skje for desse to opposisjonane med "lovmessig kraft": Først fall lang  $ø$  saman med lang  $æ$  (jf. *bækur* for 'bøker' i moderne islandsk), noko som altså kan forklarast med at  $\pm$ runda var blitt underordna i hierarkiet. Dermed fekk ein dette langsystemet:

- (3)      í   ý   ú  
           é   ó  
           æ   á

(4)

Langvokalane								
	í	ý	ú	é	ó	æ	á	
Låg	-	-	-	-	-	+	+	
Høg	+	+	+	-	-			
Fremre	+	+	-	+	-	+	-	
Runda	-	+						

Her ser ein at  $\pm$ runda er blitt enda meir redundant, og ut frå tesen om at det mest redundantte draget lett fell ut, blir det "logisk" at  $y$ -en står for fall, og dermed forsvinn heile draget  $\pm$ runda frå matrisa ved samanfallet  $y + i > i$ .

Hreinn tek det for sjølvsaugt at produktet av samanfallet  $y + i$  må bli  $i$ ; den implisitte tesen er altså at det redundantte draget åt samanfalletsproduktet må bli det same som for hine fremre vokalane, som òg er urunda. Dette er ein tese om endringsretninga.

Avrundinga er dermed total i fremre rekkja i langsystemet:

(5)

		Langvokalane					
		í	ú	é	ó	æ	á
Låg		-	-	-	-	+	+
Høg		+	+	-	-		
Fremre		+	-	+	-	+	-

I kortsystemet er utviklinga noko meir innvikla, for her er det  $\pm$ fremre som er mest redundant, jf. figur (2). Dermed er det naturleg at det fell ut, og dermed fell  $u$  og  $y$  saman, og produktet blir  $+$ fremre (jamvel om ikkje alle  $+$ runda er blitt  $+$ fremre – berre to av tre – men dette diskuterer ikkje Hreinn presist):

(6)

i	u	í	ú
e	ö	é	ó
a	o	æ	á

I islandsk er det mange eksempel på at dette faktisk har skjedd, jf. former som *spurja* og *kjurr* for *spyrja* og *kyrr* (Hreinn Benediktsson 1970: 93). (Dette kunne kallast "avfron-ting".)

Det overordna poenget åt Hreinn (1970: 119) er at alle desse endringane går inn i: "the reduction of a series of mergers to a simpler pattern, in such a way that each merger can be regarded as an individual manifestation of a more general process." Og dette skjer ved:

"different mergers in a single process consisting in the gradual elimination, proceeding from the low to the high vowel series, of the SECONDARY tonality feature, FRONT in the short, ROUNDED in the long subsystem." (Hreinn Benediktsson 1970: 123.)

Når denne utviklinga  $y + u > u$  ikkje er blitt gjennomgåande i islandsk, kjem det av at morfologien hindra utviklinga. På grunn av vekslingane som den gamle  $i$ -omlyden hadde skapt, ville eit fonologiske samanfallet skape for mange morfologiske samanfallet: Ein ville miste mange motsetningar, som f.eks. mellom indikativ og konjunktiv (jf. *spurði*  $\neq$  *spyrði*) og positiv og komparativ (jf. *ungri* (fem. sg. dat.)  $\neq$  *yngrí*).

Her har vi dermed ein tredje tese – som er eksplisitt drøfta i Hreinn Benediktsson (1970): morfologisk funksjonell tyngd kan endre retninga på samanfallet. Det som skjer i staden i islandsk, er samanfallet  $i + y > i$ . Hreinn Benediktsson (1959: 299)



framstiller det slik: “under the influence of the corresponding long vowels, the general development was that the short diffuse flat acute *y* lost its flattening and merged with *i*.” Denne mønster-forklaringa verkar som ei nødløysing innafor forklaringsmodellen som han elles bruker.

Desse avrundingane begynte truleg på 1300-talet (og samtidig fall også *ey* saman med *ei*), og siste bygdene på Austurlandið hadde ikkje gjennomført avrundinga før kring 1800, jf. Guðvarður Már Gunnlaugsson (1994) og Hreinn Benediktsson (1977: 39).

Etter desse avrundingane kan dei islandske delsystema setjast opp slik:

(7)	Kortvokalane		Langvokalane	
	-Runda	+Runda	+Fremre	-Fremre
	i	u	í	ú
	e	ö	é	ó
	a	o	æ	á

(Hreinn Benediktsson 1970: 122.)

Språket har altså fått to svært ryddige system.

Utviklinga i det islandske langsystemet er altså at  $\pm$ runda blei stadig avvikla ved at *á* og *ó* fall saman, deretter ved samanfall mellom *ê* og *æ*, og til sist mellom *ý* og *í*. For kortsystemet er resonnementet litt meir komplisert. Vi skal nedafor sjå om denne tenkjemåten kan gi oss noko oppklarande for dei andre nærskyldte nordiske språka.

### 3. Norske dialektar

Den mest kjende avrundinga av *y* i norsk<sup>1</sup> er nok den solørske, som er beskriven av Amund B. Larsen i (1894: 5), og som ofte blir assosiert til herma: “Det kriper siv å ti-ve stigge dir på riggen din, Siver”. (Ei herme er ofte overdriven, og slik er det her òg: I Solør og Odalen heiter det sjølvsagt *sjú* og *tjúge*, og dermed er ikkje desse talorda kandidatdar til denne avrundinga.)

Det er elles omtalt avrunding av *y* i Sigdal, Eggedal, Krødsherad, Lunner (Christiansen 1946-48: 212), i nedste bygdene i Hallingdal (Venås 1977: 42-46), i Lærdal og Borgund i Sogn (Bjørkum 1974: 540), Sunndalen på Nordmøre (Jenstad 1985: 31f.), Romsdal (Sandøy 1982: 5f.), Frosta, Fosen og Ytre Frøya i Trøndelag (Dalen 1972: 25), Senja i Troms (Skjekkeland 1997: 48). På desse stadene gjeld avrundinga både *y* og *øy* (skrive *øy* i normert norrønt, men kanskje alltid uttalt med runda førstesegment i norsk). I Selbu i Trøndelag gjeld avrundinga berre *øy* (Dalen 1972: 25), som i *treie* for *trøye*, og i Indre Nordfjord gjeld også avrundinga nesten berre *øy*, og ho er kanskje berre del av ei forskyving: *ei* > *ai*, *øy* > *ei* (Søreide 1930: 23 og 25f.).

Vi har ikkje skriftlege kjelder som kan hjelpe oss å tidfeste denne avrundinga av *y* og *øy* i norsk. Men i Selbu, som ligg i det norske monoftongeringsområdet, har ikkje ord som ‘bløyte’ monoftongen *e* i dag, dvs. at samanfallet *øy* > *ei* har komme etter monoftongeringa *ei* > *e*. Dermed har vi ein relativ kronologi.

I denne samanliknande drøftinga skal eg for norsk sjå nærare på avrundinga i romsdalsk. Den avgrensar seg ikkje til berre dei høge vokalane *y* og *øy*, men også til den mellomhøge vokalen *ø* (som har ein liten parallell i islandsk, jf. Guðvarður Már Gunnlaugsson 1994: 15). Slikt er ikkje omtalt for andre norske dialektar.

Mest talar for at avrundinga av den mellomhøge *ø*-en er eldre enn avrundinga av dei høge *y* og *øy*. Det gjennomgåande er at *ø* > *e* (og seinare *e* > *æ*) har skjedd berre med kortvokalen: At presens av norr. *koma* og *sofa* har urunda vokal i presens, er neppe overraskande, for her varierte også norrønt (av gode etymologiske grunnar), og ein finn ein *e*-lyd i desse to presensformene i mange norske dialektar (jf. *kjem*, *sev*). Men ettersom dei inste romsdalsbygdene både har *kjøm* og *søv* og manglar denne avrundinga vi skal sjå på, kan også desse to presensformene passe godt inn i det generelle avrundingsmønsteret i ytre romsdalsk. Andre presensformer med kort *ø* går også same vegen: *høgr*, *søkr* > *hægg*, *sækk*

Meir spesielt er det at norr. *ø* i mange tilfelle har enda som *e*-lyd i romsdalsk, og det er i ord som meir allment i norsk har fått *ø*-lyd. *Ø*-en kan ein nok såleis rekne som eit eldre stadium òg i romsdalsk, slik at ein kan rekne med utviklinga *ø* > *e* etter *j* (*smjø*, *kjø*, *bjørn*, *bjørk*, *ffjø*).

Den avrundinga som rammar berre den korte *ø*-en, må ha skjedd før kvantitetsomlegginga. "Beviset" på det er både at *ø* som i *bøkr* held seg som *ø*, og at *ø* > *e* som er blitt forlengd kompensatorisk ved bortfall av *ð*, ikkje har fått denne endringa: *ffjø* > *ffjø* > *ffjø*. Forlenginga i det siste eksempelet blei altså fullført før kvantitetsomlegginga. Siste stadiet (dvs. vokallenginga) i utviklinga til /kjæ:t/ er derimot del av kvantitetsomlegginga: *kjø* > *kjet* > *kjæt* > *kjæ:t*.

Det ser dermed ut til at den mellomnorske korte *ø*-en forsvann or kortsystemet i romsdalsk ved avrunding:

$$(8) \quad \begin{array}{ccccc} i & y & u & & i & y & u \\ e & \emptyset & o & > & e & & o \\ & a & & & & & a \end{array}$$

Dei distinktive draga i kortsystemet før dette skjedde, var:

(9)

		Kortvokalane						
		i	y	u	e	ø	o	a
Låg		-	-	-	-	-	-	+
Høg		+	+	+	-	-	-	
Runda		-	+	+	-	+	-	
Fremre			+	-		+	+	

eller

(10)

Kortvokalane							
	i	y	u	e	ø	o	a
Låg	-	-	-	-	-	-	+
Høg	+	+	+	-	-	-	
Fremre	+	+	-	+	+	-	
Runda	-	+		-	+		

Det vil seie at vi ikkje kan avgjere kva for eitt av draga runda eller fremre som er overordna. Men etter samanfallet  $e + ø > e$  er  $\pm$ runda mest redundant ettersom berre opposisjonen  $i \neq y$  treng dette draget:

(11)

Kortvokalane						
	i	y	u	e	o	a
Låg	-	-	-	-	-	+
Høg	+	+	+	-	-	
Fremre	+	+	-	+	-	
Runda	-	+				

Her kunne ein ut frå resonnementet at Hreinn ha venta seg at neste stadium måtte bli samnfall av  $i$  og  $y$  – altså som ein parallell til det som skjedde i det islandske langvokalsystemet. Men det skjedde ikkje; *hylr* blir ikkje til *\*hil*, som vi skal komme tilbake til.

Langsystemet heldt seg nesten uendra i denne tida, berre  $\acute{e}$  og  $\acute{e}$  fall saman i  $\acute{e}$ :

(12)

í	ý	ú
é	ó	ó
		ó

og det har dermed desse distinktive draga:

(13)

Langvokalane							
	í	ý	ú	é	ó	ó	ó
Låg	-	-	-	-	-	-	+
Høg	+	+	+	-	-	-	
Fremre	+	+	-	+	+	-	-
Runda	-	+		-	+		

Det som skjer i kortsystemet er derimot at *i* og *y* blir lågna til liks med *u*, *e*, *o*, dvs. til *e*, *ø*, *u*, *ε*, *o*. For dei gamle høge vokalane gjeld dette unnateke framom palatal, der dei held seg som høge, jf. [fiŋ, myc̃çe, skūjje] ‘finn, mykje, skugge’, mot [fes̃k, b̃øte, sõker] ‘fisk, bytte, sukker’. Altså:

$$(14) \quad \begin{array}{ccc} [i] & [y] & [u] \\ e & \emptyset & u \\ \varepsilon & a & o \end{array}$$

Dermed får kortsystemet altså inn att ein allofonisk *ø*. Når så kvantitetsomlegginga skjer – og det treng ikkje vere før på 1800-talet, ettersom norrøne kortstavingar framleis finst i ein del romsdalske bygder – fell allofonane i høg-rekkja saman med refleksane av dei norr. lange *í*, *ý* og *ú*. Dei lågna *e*, *ø*, *u* fell på tilsvarande måte saman med refleksane av dei norrøne lange mellomhøge vokalane *é* (< *é* + *é*), *ø*, *ó*. Dermed får vi ved samanfallet av kort- og langsystemet dette fellessystemet i romsdalsk:

$$(15) \quad \begin{array}{ccc} i & y & u^2 \\ e & \emptyset & u \\ \varepsilon & a & o \end{array}$$

Dette systemet svarer til denne matrisa av distinktive drag:

(16)

Vokalsystemet etter kvant.-omlegginga									
	i	y	u	e	ø	u	ε	a	o
Låg	-	-	-	-	-	-	+	+	+
Høg	+	+	+	-	-	-			
Fremre	+	+	-	+	+	-	+	-	-
Runda	-	+		-	+			-	+

Igjen er runda det mest redundante draget, og noko kan skje med det. Men ingenting i matrisa seier kvar noko skal skje. Nærliggjande kandidatar er både *ø* og *y*.

Den avrundinga vi møter no i “moderne romsdalsk”, rammar berre *y*-en, og den er uavhengig av både gammal og ny lengd: [biŋe, miç̃çe, si:l] ‘begynne, mykje, syl’. Men ho råkar ikkje dei mellomhøge, verken f.eks. gammal *ø* eller *ø* av lågna *y*; vi får altså både *bøker* og *høl* (< *hylr*). Draget ±runda står dermed att som distinktvt berre for *e* ≠ *ø* i framrekkja, og denne opposisjonen ser ikkje ut til å vere truga.

Vi ser her at dei to avrundingane ikkje kan knytast til ein lang samanhengande prosess, slik som Hreinn framstiller den islandske utviklinga. Det er to uavhengige proses-



sar, der den første rammar  $\emptyset$  utan å forplante seg oppover til  $y, \acute{y}$  eller  $\acute{o}$ . Den siste rammar  $y$  utan å forplante seg nedover til  $\emptyset$ . Den siste avrundinga er også eksempel på den meir generelle tendensen i dei norske "itakisme"-dialektane, nemleg at avrundingane rammar berre høg  $y$  og  $\acute{y}$ .

Resonnementet åt Hreinn Benediktsson hjelpte oss dermed berre til å forstå at  $\pm$ runda er det mest utsette draget i systemet til visse tider.

#### 4. Færøysk

Særmerkt for dette målet er eit tidleg samanfall av  $\acute{e}$  og  $\acute{x}$  i  $\acute{x}$ , og dessutan av  $\acute{o}$  og  $\acute{q}$  i  $\acute{o}$ , jf.  $\acute{s}\acute{e}r > \acute{s}\acute{e}r$ ,<sup>3</sup>  $\acute{l}\acute{a}su > \acute{l}\acute{o}su$ . Dessutan mista færøysk opposisjonen  $\acute{o} \neq \acute{q}$  ved at  $\acute{q}$  fall saman med  $\emptyset$  unnateke framom nasal, der lyden fall saman med  $\acute{o}$ . For å gjere resonnementet nedafor enklare og klårare kan vi her rekne med at  $\acute{o}$  også blei lågna til  $\text{ɔ}$ , slik Hreinn rekna med for islandsk.

Dermed hadde færøysk truleg dette vokalsystemet seint i mellomalderen:

(17)

i	y	u	í	ý	ú
e	ø			ó	ó
	a	ɔ	ǣ	á	

Dette vokalsystemet er uttrykk for desse matrisene:

(18)

Kortvokalane							
	i	y	u	e	ø	a	ɔ
Låg	-	-	-	-	-	+	+
Høg	+	+	+	-	-		
Runda	-	+	+	-	+	-	+
Fremre		+	-				

Langvokalane							
	í	ý	ú	ó	ó	ǣ	á
Låg	-	-	-	-	-	+	+
Høg	+	+	+	-	-		
Fremre	+	+	-	+	-	+	-
Runda	-	+					

Her ser vi igjen at kort- og langsystemet skil seg, og at draget  $\pm$ runda er det mest redundante i det lange. Slik sett skulle ein altså vente at  $\pm$ runda stod for tur til å falle bort ved avrunding av  $\acute{y}$ , slik som i islandsk. (Færøysk hadde i motsetning til islandsk ein runda  $\acute{o}$ , men ved at  $\acute{o}$  og  $\acute{x}$  var skilde med ein høgdeforskjell, var  $\pm$ runda distink-



tivt berre ved  $i \neq y$ , slik det var i det islandske systemet, jf. (4).) I kortsystemet kunne såleis  $\pm$ fremre stå for fall (dvs.  $y + u > u$ ), dersom noko skulle skje.

Men ikkje noko av dette skjer. Det som faktisk skjer – kanskje på 1500-talet, jf. Hamre (1944: 25) – er avrunding av kort  $y$  til  $i$  og runding av lang  $i$  til  $y$ , altså nesten det “motsette” av det vi skulle vente etter tesen om endringsretninga, jf. ovafor i seksjon 2. Og resultatet er interessant, for vi oppnår no to svært ryddige delsystem der kortsystemet kan delast etter draget  $\pm$ runda, mens langsystemet kan delast etter  $\pm$ fremre, jf. (7) om islandsk:

(19)

Kortvokalane		Langvokalane	
-Runda	+Runda	+Fremre	-Fremre
i	u	y	ú
e	ø	ó	ó
a	ɔ	æ	á

For ordens skuld bør det nemnast at  $ey$  ikkje fekk samanfall med  $ei$  i færøysk, rimeleg nok pga. at  $ey$  hadde gått over til  $oy$  ( $oi$ ) før  $i + y > i$ .

Igjen har vi fått demonstrert at samanfall ikkje går i den retninga som redundanstenes skulle tilseie. Men tesen om at det mest redundante draget fell, slår til. Nedafor skal vi sjå på nokre andre forklaringsmåtar.

### 5. Vokalforskyving

For norsk har det ofte vore nemnt ei kjedeforskyving som forklaring på mange av vokalendringane. Det er tale om ei “push-chain-movement”, og den er beskriven slik hos Indrebø (1951: 116):

“Etter  $\acute{a}$  hadde vorte  $\grave{a}$ , kom han difor so nær  $\acute{o}$  at t.d. ordi  $s\acute{a}ta$  f. og  $s\acute{o}ta$  vb. kom til å lyda svært likt. Til å få halde ljodane i sér vart då  $\acute{o}$  skuva upp til den tronge ljoden me hev no i  $s\acute{o}ta$  og  $s\acute{o}t$ . Soleis kom  $\acute{o}$  for nær  $\acute{u}$ , som òg hadde “europæisk” uttala frå gamalt (som i tysk  $du$ ).  $\acute{u}$  vart skuva fram til den tronge ljoden som me hev no i  $s\acute{u}t$  og som er nærmare  $y$ .  $y$  gjekk til slutt sume stader yver til  $i$ .”

Denne forklaringa kjem først frå Johan Storm (1884-1908: 165 & 1892-96: 255) og Amund B. Larsen (1886: 82f.)<sup>4</sup>, og er seinare teken opp att av Seip (1931: 163), og vi finn ho også hos Hallfrid Christiansen (1946-48: 121) og altså Indrebø.

Enklaste innvendinga mot denne teorien er at avrundinga av  $y$  har også skjedd der  $u$ -en ikkje er blitt framskoten, som f.eks. i Nedre Hallingdal og Indre Sogn – og dessutan i færøysk. Dessutan inneheld forskyvingsteorien nokre logiske brestar. Dèt gjeld endatil det påstátte opphavet til den norske vokalforskyvinga:  $\acute{a} > \grave{a}$ . I dette “opphavet” oppstod det ingen ny vokal, for den runda  $\grave{a}$ -en var eit samanfall med  $\acute{o}$ , og såleis var det ikkje tale om noko nytt press.<sup>5</sup>

Når det gjeld den framskotne norske *u*-en, treng ikkje den representere nokon trussel mot *y*-en, for dei har to ulike rundingar: Dei gamle *i*-omlydte vokalane har lippe- runding med “trut-munn”, mens den framskotne *u*-en har lipperunding med saman- dregne lipper likeins som dei bakre runda vokalane. Dette vil seie at sjølv om ein med god grunn reknar den framskotne *u*-en som ein fremre vokal (ikkje ein midtre), er han ikkje til fortrensel oppe i venstre hjørnet av vokaltrapeset så lenge han har andre ut- skiljande (distinktive) drag. Det ville først vere ved endra rundingstype at han kunne bli til eit press i systemet. Og sjølv der *y*-en har falle saman med *i*, held den spesielle rundingstypen seg for *u*-en i staden for å tilpasse seg rundingstypen for hin fremre vo- kal (dvs.  $\emptyset$ ).

Ei slik lang kjedeforskyving har såleis lite for seg. Derimot kan meir “lokale” forsky- vingar vere aktuelle (jf. slike som i det færøyske diftongsystemet). Såleis kunne ein hy- potese vere at kvantitetssomlegginga begynte å presse seg fram i færøysk i tidsrommet etter  $i + y > i$ . Da kunne forlenginga av *i* skape press på *i*-en slik at han kvalitativt fall saman med *y* – særleg dersom det alt fanst samanfallstendensar mellom *i* og *y*. Dette kan òg formulerast slik at kvantitetssomlegginga hindra samanfallsproduktet i å bli *i*. Dette ville vere ei forklaring som var parallell til den at forlenginga av *a* i norsk gjorde at *á* blei runda og fall saman med  $\emptyset$ . (Men vi står sjølv sagt framleis utan forklaring på korfor ikkje samanfalla kunne gjelde  $a + á$  i norsk og  $i + í$  i færøysk – når ein først skulle få samanfall.)

## 6. Funksjonell tyngd

Den morfologisk funksjonelle tyngda er omtalt ovafor under referatet frå artikkelen åt Hreinn. Men det er òg mogleg å dra inn leksikalsk funksjonell tyngd, som Skjekkeland (1997: 48) gjer:

“Fenomenet må difor heller sjåast på som eit samanfall av ein vokalmotsetnad som ikkje er så mykje utnytta i språkssystemet, dvs. at det finst heller få ord som er ulike berre ved motsetnaden /i:/ ~ /y:/.”

Argumentet om få minimale par er relevant, og det blir ofte drege fram ved lydend- ringar. Men her har ikkje Skjekkeland gitt dokumentasjon på at denne motsetnaden er mindre utnytta enn andre fonemmotsetnader. Inntil dette argumentet er fundert betre, skal det få stå ubehandla her.

## 7. Naturlegheit

Innafor naturlegheitsfonologi hevdar ein at runda vokalar i framrekkja er mindre na- turlege enn dei urunda – fordi muskelrørslene som skyt tunga fram, vil bli samordna med rørslar som dreg munnvikane tilbake – og dermed er vokalsystem med både urun- da og runda framrekkje mindre sannsynlege – og dei er påviseleg mindre frekvente i språka i verda. Tilsvarande gjeld det motsette for den bakre vokalrekkja. Runda frem- re vokalar som kom med *i*-omlyden i nordisk, er altså litt eksklusive, og ein må rekne med at det alltid vil vere ein viss tendens til å “rydde” dei vekk att frå vokalsystemet.



For endringane i islandsk og norsk kan naturlegheitsforklaringa gjelde for alle avrundingane – også dei som strir mot redundanstenen, som er drøfta i pkt. 2-4.

Ut ifrå naturlegheitsfonologi er den færøyske løysinga  $i + j > j$  ikkje “naturleg”, for ein skulle føretrekkje urunda fremre i stadenfor runda fremre. Heller ikkje naturlegheit forklarar alt.

## 8. Vurdering

Redundanstenen har altså ikkje vist seg å gi forklaring til mange av avrundingane vi har vist ovafor. Det kan hevdast at denne tesen ikkje er klårt teoretisk underbygd så lenge han ikkje refererer til noko som har med språkevna eller ein språkfunksjon å gjere, dvs. verken til artikulasjon, akustikk, persepsjon eller kognisjon. Tesen byggjer einast på ein logikk innafor matrisa for distinktive drag. Der tesen faktisk stemmer med utviklingane, er der han fell saman med naturlegheitsforklaringa som tek utgangspunkt i artikulasjon.

Men ei forklaring med distinktive drag kan tilleggast teoretisk innhald, slik som i styringsfonologien (jf. Harris 1994), der omgrepet ‘element’ har nokre av same eigenskapane som distinktive drag og har eintydige korrespondansar med eigenskapar i artikulasjon, akustikk og kognisjon. Dermed kan elementa beskrivast med restriksjonar som er grunnleggjande i desse områda som har med språkevna å gjere.

Eit poeng som kan takast med her er at elementa i styringsfonologien har ingen minus-verdiar; det er berre når eit segment *har* eigenskapen at eigenskapen er interessant. Og eigenskapane fremre og runda har kvar sine artikulatoriske og akustiske særdrag, som kognisjonen utnyttar i gjenkjenningprosessen.  $\mathcal{L}$ -en har i komposisjonen sin begge desse elementa – dei er “materiale” til stades i  $\gamma$ -en ved at  $\gamma$ -en er ei blanding av  $u$  og  $i$  – mens  $i$ -en har berre det eine elementet, altså fremre. Når det skjer ei fonologisk endring, vil den skje lettast ved at ein utnyttar materialet som alt er til stades, f.eks. ved å flytte det til ein nabolyd (assimilasjon) eller som ved diftongering: å fordele materialet frå eitt segment på to delsegment. I dette siste tilfellet blir da det eine komponerte segmentet  $\gamma$  til dei to enkle delsegmenta  $ui$ . Det kan ikkje skje med  $i$ -en på tilsvarande måte. Men han kan sjølvstendig diftongera under andre vilkår, så poenget her er at  $\gamma$ -en “byr seg lettare fram” til diftongering. Og dersom det færøyske samanfallet  $i + j$  skjer samtidig med ein meir generell diftongeringsfase, kan det altså gi  $\gamma$ -en fordelar framom  $i$ -en. Og diftongeringa  $j > ui$  må faktisk ha skjedd nokolunde i same tidsrommet som fleire andre diftongeringar, nemleg før kvantitetsomlegginga.

Kritikken ovafor går på at “matriselogikken” – altså oppteljingane av distinksjonar i matrisa – ikkje har forklarande kraft for retninga i utviklinga. Men dei distinktive draga har eit teoretisk og forklarande innhald, ved at dei representerer eit organisasjonsprinsipp, og både artikulasjon og kognisjon blir effektiviserte ved slike generaliseringar som dei distinktive draga er uttrykk for. Dersom vi da tek som utgangspunkt at språkssystemet har ein innebygd tendens til å nyregulere seg slik at det får ein “ryddigare” eller enklare struktur, kan generaliseringar over dei distinktive draga ha forklaringskraft. Det er dét vi ser i (7) og (19); der har vi ryddige strukturar. Og ryddigheita ligg i generaliseringane som sjølve kolonneoppstillingane nettopp viser, og dessutan i

det at i (19) er alle dei ikkje-låge lange vokalane +runda. (Alt dette kan *beskrivast* også i ei matrise, men ikkje *forklarast*.) Denne generaliseringa kunne ein ikkje oppnå om samanfallsproduktet av *i* og *y* hadde vore *i*. I (7) har ein derimot den generaliseringa at dei fremre lange vokalane er samtidig urunda, og det har islandsk oppnådd ved å avrunde både *y* og *ø*. Organiseringa i slike generaliseringar har altså forklarande kraft.

Nyreguleringane tek såleis ulike retningar i islandsk og færøysk pga. at utgangspunkta var ulike (pga. den nemnde tidlegare fonologi-historia). Den spesielle færøyske utviklinga av *i + y > y* har altså sitt historiske vilkår i at det fanst ein nærliggjande fremre runda vokal *ø*, men ingen urunda *é*, og dermed får alle dei ikkje-låge vokalane det generelle, men redundante draget +runda. Her ligg også forskjellen til islandsk, som mangla *ø*, men hadde *é*, og dermed kunne heile framrekkja i langsystemet få det redundante draget -runda. Det "lagnadstunge" var dermed *ø + æ > æ* i islandsk og *é + æ > æ* i færøysk.

### 9. Konklusjon

Denne gjennomgangen har nok vist at det ikkje kan finnast éi fonologisk forklaring på avrundingane i dei tre språka som er behandla. Men dei tre språka gir ein del data å eksperimentere med, og såleis kan dei brukast til å sannsynleggjere kva faktorar som betyr noko, og kva som neppe spelar noka rolle. Drøftinga ovafor har vist at det ikkje ligg noka forklaringskraft i redundanstenes; derimot har gjennomgangen vist at fleire fonologiske faktorar kan verke inn ved kvar nyregulering slik at systemet får ein "optimal" struktur. Men til botns har vi ikkje sett enno.

### Noter

<sup>1</sup> I Noreg er det etablert ein tradisjon med å kalle avrundinga av *y* til *i* for itakisme etter den moderne greske uttalen "ita" for det eldre bokstavnamnet "eta". (Ettersom gresk har fleire samfall med *i*, ville *jotasisme* vore ein betre term.) Termen itakisme er brukt alt hos Larsen (1894: 5): "den såkaldte itacisme, idet oldnorskens og andre bygdemåls *y* udtales omtr. som *i* og *øy* som *ei*."

<sup>2</sup> Denne u-en kan kanskje på dette tidspunktet vere blitt ein midtre vokal [u], slik som i moderne mål. Men det treng vi ikkje dra inn her.

<sup>3</sup> I dag har Suðuroy-målet trong *e* av første samanfallsproduktet, dvs. både [se:r] og [ke:tə] (< *kéti*), men ettersom det her ikkje er noka palatalisering av k-en, kan ein truleg rekne med at også Suðuroyarmål hadde det opne samanfallsproduktet først.

<sup>4</sup> Larsens verk kom på trykk før siste delen av Storms arbeid der teorien er lagd fram. Derfor kunne ein kanskje rekne det for ein "felles teori" frå deira side.

<sup>5</sup> Det er uheldig at vokalforskyvingsforklaringa også går igjen i ei så ny bok som Labov (1994: 130f.), der framstillinga overser at *ø* alt fanst i norrønt



**Litteratur**

- Bjørkum, Andreas 1974. *Generasjonsskilnad i indresognsmål*. Oslo.
- Christiansen, Hallfrid 1946-48. *Norske dialekter*. (Hft. 1-3.) Oslo.
- Dalen, Arnold 1972. Trøndermåla. I: Dalen, A. & O. Stemshaug (red.) *Trøndermål*. Oslo. S. 9-41
- Guðvarður Már Gunnlaugsson 1994. *Um afkringingu á /y, ý, ey/ í íslensku*. (Málfræðirannsóknir 8. bindi.) Reykjavík.
- Hamre, Håkon 1944. *Færøymålet i tiden 1584-1750*. Oslo.
- Harris, John. 1994. *English sound structure*. Oxford.
- Hreinn Benediktsson 1959: The Vowel System of Icelandic: A Survey of Its History. I: *Word* 15 (1959): 282-312.
- Hreinn, Benediktsson 1970. Aspects of Historical Phonology. I: *The Nordic Languages and Modern Linguistics 1*. Reykjavík. S. 87-129.
- Hreinn Benediktsson 1977. An extinct Icelandic dialect feature: *y* vs. *i*. I: Claes-Christian Elert o.a. (red.): *Dialectology and sociolinguistics. Essays in honor of Karl-Hampus Dahlstedt 19 April 1977*. Umeå. S. 28-46.
- Indrebø, Gustav 1951. *Norsk målsoga*. Bergen.
- Jenstad, Tor Erik 1985. *Sunnaldsmålet*. Oslo.
- Labov, William 1994. *Principles of linguistic change. Internal factors*. Oxford.
- Larsen, Amund B. 1886. Oversigt over de trondhjemske dialekters slægtskabsforhold. I: *Kongelige norske Videnskabers Selskabs Skrifter 1885*. S. 37-117.
- Larsen, Amund B. 1894. *Lydlæren i den solørske Dialekt, især i dens Forhold til Oldsproget*. Kristiania.
- Sandøy, Helge 1982. *Romsdalsmålet. Skisse til ein grammatikk*. Bergen.
- Seip, Didrik Arup 1931. *Norsk språkhistorie til omkring 1370*. (1. utg.) Oslo.
- Skjekkeland, Martin 1997. *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Kristiansand.
- Storm, Johan 1884-1908. *Norsk Lydskrift med Omrids af Fonetiken*. I: *Norvegia* s. 19-179.
- Storm, Johan 1892. *Englische Philologie*. Leipzig.
- Søreide, Lars E. 1930. *Nordfjordmålet*. Oslo.
- Venås, Kjell 1977. *Hallingmålet*. Oslo.